



Frøydis Nilsen og Marcus Nilsen Mathisen (4) gjorde ein innsats for "Leger utan grenser" i Uskedalen søndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

10 bøsseberarar i Uskedalen samla inn 36.000 kroner under TV-aksjonen søndag – det blir rundt rekna 36 kroner frå kvar uskedeling.

I heile Kvinnherad vart det samla inn kr. 40.12 for kvar innbyggjar medan resultatet i fjor var kr. 38,72.

- Det var ein fin auke fra i fjor og til i år også i Uskedalen, seier rodeleiar Kjell Yri til uskedalen.no. Han hadde ynskt seg 12 bøsseberarar medan talet stoppa på 10. Men han er imponert over at det kom ein bøsseberar frå Husnes for å hjelpa til i vår bygd.

Klokka 21.30 sundag kveld låg Hordaland på attandeplassen av 19 fylke med kr. 20.31 i snitt. Sogn og Fjordane leia med kr. 38.13.

Måndag føremiddag låg Kvinnherad på tiandeplassen i kommunegruppa med frå 5.000 til 15.000 innbyggjarar med eit snitt på kr. 50,23 på kvar. I vårt område låg Kvam føre med kr. 52,72. Komunelista vart toppa av Utsira med kr. 159,19 medan Eidfjord var på topp i Hordaland og på åttandeplass totalt med kr. 108,32. Totalresultatet hadde passert 190 millionar og det var kr. 41.06 pr. innbyggjar.